

Årsberetning 2022

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR), org. nr. 856 167 402, er eit interkommunalt renovasjonsselskap eigd av kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Hovudkontoret for selskapet ligg i Kjevikkdalen (Alver).

På vegne av eigarkommunane leverer NGIR lovpålagte renovasjons- og slamtenester til bustader og fritidsbustader i NGIR sitt område. I tillegg tilbyr NGIR renovasjonstenester til næringskundar i og utanfor NGIR sitt område.

NGIR har krav om å utarbeida sjølvkostrekneskap for tenester som vert finansiert ved gebyr, og rekneskapen inneheld difor tre område; Hushaldsrenovasjon, Næring og Slam.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

NGIR har hatt ein auke i omsetnad på 24,1 % frå 2021 til 2022.

Resultatgrad før skatt er på 4,7 % i 2022. Dette er ei auke frå 2021 (-1,1 %), og betre enn budsjettert (-1,4 %). Det store avviket frå budsjett skuldast spesielt auka mengde motteken på deponi i 2022.

Eigenkapitalprosenten er 38,0 %, ein reduksjon frå 40,7 % i 2021, noko som skuldast opptak av budsjettert lån til investeringar.

Likviditeten er god, og utvikling i omsetnad, resultatgrad og eigenkapitalandel er betre enn forventet/budsjettert.

Styret meiner at årsrekneskapen gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eigedelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Finansiell risiko

Langsiktig gjeld per 31.12.22 er kr 109,4 millionar, ein auke på kr 21,4 millionar frå 2021, noko som skuldast auke i pensjonsforpliktingar, etterdriftsforpliktingar deponi og opptak av budsjettert lån til investeringar.

Forpliktingane til etterdrift deponi er totalt kr 34,4 millionar, medan pensjonsforpliktingane er kr 10,9 millionar pr 31.12.22. NGIR hadde per 31.12.22 ei langsiktig lånegjeld på kr 64,1 millionar.

Forsknings- og utviklingsaktivitetar

Det er ikkje bokført forsknings- eller utviklingsaktivitetar i 2022.

Framleis drift

Årsrekneskapen for 2022 er lagt fram under føresetnad om framleis drift. Det vert stadfesta at føresetnad for framleis drift er til stades.

Arbeidsmiljø

Sjukefråværet i 2022 var på 10,6 %, mot 12,4 % i 2021 og 10,6 % siste tre år. Korttidsfråværet har vore noko påverka av koronaepidemien.

I 2022 hadde NGIR fráværsskade på 2 personar, med ei dag i frávær for kvar. Utover dette har det ikkje vore alvorlege arbeidsuhell eller ulykker, som har resultert i personskadar eller store materielle skadar.

Målingar av arbeidsmiljøet visar at dette er godt, og om det er behov vert det fortlaupande sett i verk tiltak for forbetringar.

Likestilling

Ved utgangen av 2022 var om lag 32 % av dei tilsette hjå NGIR kvinner. NGIR trur at ei blanding av begge kjønn, og variasjon i alder, er viktige faktorar for eit godt arbeidsmiljø. Ved nytilsetjingar i selskapet vert difor og desse faktorane teke med i vurderinga.

I NGIR sitt styre er 2 av 5 medlemmer utanom tilsettrepresentant, medan 6 av 19 medlemmer i representantskapet var kvinner i 2022.

Ytre miljø

Sigevassreinseanlegget til NGIR har vore i drift sidan september 2019. Reinseanlegget er bygd som eit sedimenteringsbasseng, dimensjonert for 55 m³ sigevatn i timen, noko som gjev om lag 1 døgn opphaldstid. Ved å tilsetja oksygen og bremsa vassmengdene gjennom anlegget, vil ein få utfelling av tungmetall og ein del organiske miljøgifter. Analysar av sigevatn for 2022 viser fortsett nedgang for dei fleste tungmetalla og dei fleste organiske miljøgiftene, samanlikna med tidlegare år. NGIR har plan for vidare optimaliseringsarbeid for reinsinga av sigevatnet frå deponiet.

Gassanlegget for brenning av metangass frå deponiet har i 2022 gjeve stabil gassproduksjon, på nivå med tidlegare år. Emisjonsmålingar på deponiet utført av COWI i 2022 visar at det ikkje siv ut vesentlege mengder gass frå deponiet, og utsleppa er redusert sidan førre måling i 2017.

Det er registrert 2 uønskte hendingar i 2022 som kunne ha påverka ytre miljø. Alle hendingane vart straks teke hand om, og ingen av desse fekk nemneverdige konsekvensar for ytre miljø.

Etikk

Alle tilsette hjå NGIR skriv ved tilsetting under på at dei har lese selskapet sine etiske retningsliner, og at dei er viljuge til å etterleva desse. NGIR legg stor vekt på å driva ærleg og ha opne tilhøve i all si verksemd.

Årets resultat og resultatdisponering

Etter styrets oppfatning gjev framlagt resultatrekneskap og balanse med noter uttrykk for verksemda sitt resultat for 2022 og økonomiske stilling ved årsskiftet.

Det er ikkje forhold etter rekneskapsårets slutt som er av betydning for bedøminga av rekneskapen.

Resultata (før skatt) frå dei ulike områda er vist nedanfor:

Resultat 2022	Resultat	Budsjett	Avvik
Hushald	kr 2 289 134	- kr 1 464 146	kr 3 753 280
Næring	kr 5 036 018	kr 83 517	kr 4 952 501
Slam	kr 102 777	- kr 492 572	kr 595 349
Totalt	kr 7 427 930	- kr 1 873 201	kr 9 301 130

Rekneskapan for 2022 er gjort opp med eit overskot etter skatt på kr 6 319 863.

Resultata frå Hushaldsrenovasjon og Slam vert korrigert for alternativkostnad. Alternativkostnad vert utrekna ved å multiplisera historisk kostnad trekt frå tidlegare års avskrivningar (netto anleggskostnad) samt tomtekostnad med kalkylerenta. Kalkylerenta vert sett lik 5 års swaprente, med eit tillegg på 0,5 prosent. For 2022 utgjer den 3,536 %.

	Hushaldsrenovasjon	Slam
Resultat før skatt	kr 2 289 134	kr 102 777
+ Bokført rentekostnad	1 074 689	3 307
- Bokført renteinntekt	692 569	76 952
- Kalkulatorisk rentekostnad	2 157 964	30 176
= Sjølvkostresultat	513 291	- 1 044

Vidare skal utjammingsfonda leggst til ei rente lik kalkylerenta på gjennomsnittsverdien av fonda.

Utjammingsfond 01.01.	9 279 038	14 598
+ Sjølvkostresultat	513 291	- 1 044
+ Rente utjammingsfond 2022	337 182	498
= Utjammingsfond 31.12.	10 129 511	14 052

Styret rår til følgjande disponeringar av resultat etter skatt 2022:

	Disponering:	Sum etter disp.
Avsetning til utjammingsfond hushaldsrenovasjon	850 473	10 129 511
Bruk av utjammingsfond slam	- 546	14 052
Avsetning til eigenkapital	5 469 937	73 817 967
Sum disponering	6 319 863	

Kjevikdalen, 31.12.22/22.05.23

Ottar Skjelvik
styreleiar

Leif Hosøy Sleire
nestleiar

Ragnhild Tykhelle Langøy
styremedlem

Solfrid Sagstad
styremedlem

Erling Nessen
styremedlem

Liv Eide
tilsettrepresentant

Bjørn Berg
dagleg leiar